



Nordhordland Industriservice AS er ei moderne arbeidsmarknadsbedrift som ligg på Olsvollstranda i Radøy kommune. I vår produksjonsavdeling (mekanisk og kantine) tilbyr vi opplæring og kvalifisering av arbeidstakarar. Vi er godkjent som lærebedrift. Gjennom vår kursverksemd har vi spesialisert oss på å tilby reell arbeidsutprøving i ordinære bedrifter, med formidling i fokus. Vi har slik utvikla eit godt samarbeid med næringslivet i Hordaland. Produksjonsavdelinga ligg i moderne industrilokale på Radøy, medan kursverksemda er organisert i avdelinga Back to Business, som held til i trivelege lokale i Eidsvågveien 150 i Bergen. For meir informasjon, sjå [www.nordhordland-industriservice.no](http://www.nordhordland-industriservice.no).

Vår visjon er å være nyskapende for individet og samfunnet, og alle våre tiltak har som formål å auke den einsskilde sin livskvalitet.

Produksjonssjefen vår skal etter mange år i bedrifta gå av med pensjon, og vi søker difor

## **Avdelingsleiar/produksjonssjef**

Stillinga vil innebere

- Ansvarlig leining av avdelinga, i samsvar med gjeldande planar
- Forretningsutvikling og marknadsføring
- Personal og økonomiansvar
- Avdelingsleiar tek del i bedrifta si leiargruppe

Ønska kvalifikasjonar

- Relevant fagutdanning, gjerne på høgskule-/universitetsnivå
- Sjølvstende kombinert med godt utvikla samarbeidsevne
- Resultatorientert og god forretningsforståing
- Må like å jobbe med menneskjer, og vere god til å motivere og utvikle sine medarbeidarar

For den rette kandidaten tilbyr vi ein utfordrande arbeidsplass, med konkurransedyktige løns- og pensjonsvilkår. Det er ei føremon at den som vert tilsett kan disponere eigen bil i tenesta.

For meir informasjon om stillinga, ta gjerne kontakt med dagleg leiar Tone Liljedahl Stavseth, tlf 46 97 25 77. Søknad vert å sende på epost til [tone@nis-amb.no](mailto:tone@nis-amb.no) innan 15.01.12.